

2019/838-16

21 MAI 2019

13 MAI 2019

**Særavtale til tenesteavtale 8
Kjøp av beredskap for
følgjeteneste ved
svangerskap og fødsel**

13 MAI 2019

Suldal kommune

Innhold

Innhold	1
1. Partar	2
2. Bakgrunn og formål	2
3. Virkeområdet.....	2
4. Ansvar	3
5. Organisering av beredskap og føljeteneste.....	3
a. Beredskap og føljeteneste	3
b. Suldal kommune sitt ansvar	3
c. Helse Fonna sitt ansvar.....	3
d. Fagleg innhold/omfang	4
6. Hospitering.....	4
7. Kvalitetsindikatorar, internkontroll og avviksbehandling	4
8. Informasjon og kommunikasjon	5
9. Økonomi og andre tilhøve.....	5
10. Iverksetjing, revisjon og oppseiing	6
11. Avvik	6
12. Evaluering av tilbudet	6

1. Partar

Avtalen er inngått mellom Helse Fonna HF og Suldal kommune, og erstattar tidlegare utgåver av særavtale for beredskap og føljeteneste.

2. Bakgrunn og formål

Avtalen er heimla i helse- og omsorgstenestelova § 6-1 og § 6-2, pkt 8 «samarbeid om jordmortenester» og spesialisthelsetenestelova § 2-1e, 2. ledd «De regionale helseføretakene skal sørge for at det inngås samarbeidsavtaler som nevnt i helse- og omsorgstenesteloven § 6-1»

Avtalen er og heimla i tenesteavtale 8 «avtale om svangerskaps-, fødsels, og barselteneste for gravide og fødande.

Ansaret for føljeteneste og naudsynt beredskap for gravide og fødande i opptaksområdet vart overført til Helseføretaket frå 01.01.10

Avtalen skal sikra ei god teneste for brukarane og skapa tryggleik for dei fødande som har over 1,5 timars reiseveg til fødeinstitusjonen.

3. Virkeområdet

Avtalen gjelder beredskaps- og føljetenesta med partane sitt ansvar for ei heilskapleg svangerskaps-, - fødsels- og barselomsorg.

Avtalen regulerer finansiering, tilsetjings- og arbeidsgjevaret for jordmor som inngår i beredskapsordninga, og for organisering av tenesta, jf. tenesteavtale 8 pkt. 4.

Føljeteneste vil si at den gravide/fødande blir vurdert av jordmor/lege og får følge til fødeinstitusjonen, når det er vurdert som nødvendig.

Beredskap i samanheng med føljetenesta er ein forsvarleg organisert vaktberedskap med jordmor for å gi assistanse i forbindelse med fødsel.

Denne avtalen opphevar alle tidlegare avtaler om økonomisk oppgjør for føljetenesta.

4. Ansvar

Kommunen har ansvar for svangerskapsomsorg og oppfølging etter fødsel (etter utskrivning frå sjukehus). Helseføretaket har ansvar for tilbodet i samband med fødsel og føljeteneste, inklusive beredskap. Partanes ansvar er nærmare regulert i tenesteavtale 8 pkt. 4.1-4.2.

5. Organisering av beredskap og føljeteneste

a. Beredskap og føljeteneste

Helse Fonna HF kjøper vaktberedskap (passiv) for jordmor med føljeteneste frå Suldal kommune.

b. Suldal kommune sitt ansvar

Suldal kommune har ansvaret for vaktberedskap (passiv) for jordmor til føljeteneste. Ordninga skal organiserast og driftast gjennom regulerte og føreseielege beredskapsordningar.

Prosedyrar og retningsliner frå helseføretaket, skal inngå som ein del av Suldal kommune sine interne kontrollrutinar for verksemda.

Kommunen har ansvaret for at føljetenesta med vaktberedskap omfattar personell med tilstrekkeleg kompetanse innan fødselshjelp.

Beredskap for føljetenesta vert basert på jordmødre tilsett i Suldal kommune. Kommunen har tilsetjings- og arbeidsgjevaransvar for jordmødre som inngår i beredskapen.

Ferie/fri periodar skal samordnast slik at kommunen til ei kvar tid har kontinuitet i beredskapstenesta. Kommunen er ansvarleg for vikar ved fråvær.

Suldal kommune har ansvaret for vaktberedskap (passiv) for jordmor til føljeteneste heile året. Suldal kommune har ansvaret for å inngå samarbeidsavtale med Sauda kommune om delt vaksamarbeid. Vedtatt vaksamarbeidsavtale er ein føresetnad for denne avtale.

c. Helse Fonna sitt ansvar

Helse Fonna HF finansierer beredskap for føljetenesta, og utarbeider nødvendige prosedyrar for verksemda som skal inngå i Suldal kommune sine interne kontrollrutinar.

Helse Fonna HF skal leggja til rette for opplæring og hospitering for personell som er involvert i føljetenesta.

d. Fagleg innhald/omfang

Beredskaps- og følgjetenesta skal til ein kvar tid utførast i samsvar med gjeldande lovverk og nasjonale retningsliner, regional plan for svangerskaps-, fødsel og barselomsorga i Helse Vest og områdeplan for svangerskaps-, fødsel og barselomsorga i Helse Fonna.

6. Hospitering

Dei jordmødrene som tek del i følgjetenesta for gravide, har ei utvida hospiteringsordning.

Helseføretaket og jordmortenesta i samarbeid legg plan for at jordmor som har følgjeteneste skal hospitere på sjukehus kvart år. Fødeininga legg til rette for ei slik hospitering, samtidig som det inngår som ein del av kommunejordmortenesta. Det er forventa at jordmor med følgjeteneste deltek på fagdagar som helseføretaket arrangerer.

Kommunen held oversikt over gjennomførte kompetansehevande kurs, tiltak og trening. Gjennomførte tiltak meldast på utarbeida skjema til føretaket innan 15.januar kvart år.

7. Kvalitetsindikatorar, internkontroll og avviksbehandling

Kommunen skal føre oversikt, og rapportere statistikk til Helse Fonna for føregåande år på følgjande område innan 15.januar:

- Tal på gravide i kommunen
- Tal og del gravide med behov for konsultasjon og vurdering utanom kontortid
- Tal og del fødande som har fått vurdering av jordmor eller lege før reise til fødestad med følge til sjukehus
- Tal fødsjar utanfor institusjon
- Tal transportfødsjar
- Tal transportfødsjar utan kvalifisert assistanse av jordmor eller lege
- Tal på og beskriving av komplikasjonar

System for kvalitet og handtering av avvik er regulert i tenesteavtale 8 mellom kommunen og føretaket.

8. Informasjon og kommunikasjon

Partane har ansvaret for at innhaldet av avtalen vert kjend i eigen organisasjon.

Helseføretaket skal sørge for at avtalens innhald er kjend i dei relevante avdelingar, og hos AMK sentralen.

Kommunen har ansvaret for å gi den gravide informasjon om ordninga. Det skal dokumenterast at slik informasjon er gitt.

Partane skal involvera kvarandre i endringar i rutinar og organisering som kan ha innverknad på dei områda avtalen gjeld for.

Den som til ein kvar tid har ansvaret for behandling av pasienten, har ansvaret for at nødvendig samtykke til informasjonsoverføring gis.

9. Økonomi og andre tilhøve

Helse Fonna HF finansierer vaktberedskap(passiv) for jordmor i Suldal kommune.

Den totale beredskapskostnaden utgjør kr. 809 000,- pr år for Sauda og Suldal kommune. Beløpet fordelast etter samarbeidsavtalen mellom kommunane. Per dags dato fakturerer Suldal for 2 jordmødre i ordninga og Sauda for 1. Beløpet inneheld tillegg for laurdag/søndag, kveld/natt og tillegg for heilag dagar. Kostnadar til beredskap skal justerast årleg. Det er kommunen sitt ansvar å justere beløpet kvart år, basert på lønnsoppgjøret sentralt i KS området. Dersom det ikkje sendast faktura med oppjustert beløp innan gjeldande år bortfaller kravet. Fakturering skal skje kvartalsvis.

Utrykking på vakt vert utbetalt i tillegg til vaktberedskap og uansett om det skjer på dagtid eller etter arbeidstid. Kommunen betaler jordmor som følgjer den fødande til sjukehus fortløpande, og sender faktura etter gjeldande satsar til Helse Fonna HF kvart kvartal. Dokumentasjon på utrykking skal førast i skjema «Fakturagrunnlag – iht særavtale til tenesteavtale 8».

Ved særskilt behov for taxi ved utrykking, dekker Helse Fonna HF inntil kr.10 000,- pr. år. Krav om refusjon skal følgje faktureringa ved utrykking med framlegg av kvittering.

10. Iverksetjing, revisjon og oppseiing

Særavtalen er gjeldande frå dato for signering.

Revisjon av særavtalen skal følgje revisjon av tenesteavtale 8.

Begge parter kan krevje avtalen revidert med tre månaders varsel dersom vesentlege føresetnader for avtalen blir endra.

Avtalen skal gjelde for følgjeteneste og beredskap for gravide og fødande med dei presiseringane som følgjer av denne særavtalen. Dersom det oppstår motstrid mellom særavtalen og tenesteavtale 8, har tenesteavtale 8 forrang.

11. Avvik

Avvik skal handterast i verksemdene sine avvikssystem. Dersom avviket dreiar seg om brot på særavtalen, skal det formidlast til den andre parten. Partane skal gje kvarandre tilbakemelding om korleis avviket er handsama, jf. overordna samarbeidsavtale.

12. Evaluering av tilbodet

Partane skal evaluere tilbodet og kontrollere at det er i tråd med føringar og særavtalen.


Partane skal saman finne gode indikatorar som vil måle m.a. om tilbodet blir nytta rett.

Særavtalen skal signerast i to eksemplar, og partane beheld kvar sitt.

Dato, 07.05.2019

Dato, 200517

For Suldal kommune



For Helse Fonna HF



Olav Klausen
Administrerende direktor
Helse Fonna HF